



Pressemelding 4. mars 2020

## **Alver startar kampanje for handvask**

**God handhygiene er eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere risikoen for å bli smitta av koronaviruset eller spreie smitte. Difor inviterer Alver kommune alle barnehagar til å bli med i eit rein hand-prosjekt.**

Gjennom prosjektet får barnehagebarna lære om god handhygiene og vaskereglar.

– Noko av det viktigaste folk kan gjere er å vaske hendene, grundig og ofte. Det høyrer enkelt ut, men har stor effekt, seier kommuneoverlege og smittevernoverlege Terese Folgerø.

Ho håpar kampanjen i barnehagane «smittar» over på andre barn og vaksne i familien. Ho håpar også at andre innbyggjarar blir inspirert og bidrar.

### **Tilbyr ekstra vaksining**

– Vi jobbar med førebygging på fleire område i Alver. Målet med alle tiltaka er å sikre at folk held seg friske og ikkje smittar andre, særleg eldre og andre utsette, seier Folgerø.

Det er også eit mål å redusere trykket på helsetenestene. Dette gjer kommunen mellom anna ved å tilby ekstra vaksining.

– Vi framskundar tilbodet om kikhostevaksering. Normalt er dette eit tilbod til 2. klassingar. No ferdigstiller vi dei som går i 2. klasse og tilbyr i tillegg vaksine til alle 1. klassingar i Alver. Vi oppmodar i tillegg alle eldre og andre risikoutsette personar om å ta vaksine mot lungebetennelsebakterien pneumokokkar.

### **Her finn du oppdatert informasjon**

I tillegg til rein hand-prosjektet og ekstra vaksining, jobbar kommunen aktivt med informasjon.

– Det er mykje merksemd om viruset. Det viktig for oss at innbyggjarane våre har tilgang på riktig og oppdatert informasjon. Vi oppmodar difor alle om å følgje råda på nettsidene til Helsenorge og Folkehelseinstituttet, seier Folgerø.

Kontaktperson for pressemeldinga:

- Terese Folgerø, kommuneoverlege og smittevernoverlege i Alver kommune
- Kontaktinformasjon: [terese.folgero@alver.kommune.no](mailto:terese.folgero@alver.kommune.no) og 409 03 314